

Til Vaksdal kommune

Næringsfondet

v/ Tore Henrik Øye

Rødland 30.03.23

**Søknad om tilskot frå næringsfondet til reiskapshus/landbruksbygg Rødland
G.nr 70 bnr 2.**

Me driv gard på Rødland i Bergsdalen der produksjonen består av småfe, kring 100 vinterfora sau. Når lamminga er ferdig er dyretalet auka til kring 300 sau/lam. Garden ligg på 550 moh og ein må pårekna ei viss inneferingstid etter lamming fram til ca 20-25 mai, dette er då særslig arealkrevjande. I tillegg til småfeproduksjon driv me med brøyting av parkeringsplassar/vegar i Hamlagrø-området.

Tilleggsnæring med brøyting, i saman med landbruksdrifta, har me etter kvart opparbeidd ein maskinpark, som bør lagrast i eit reiskapshus. Dette for å ta betre vare på utstyret. Delar av reiskapshuset vil også i april/mai innreiast slik at det kan nyttast som ekstraareal til dyr i lammingsperioden.

På bruket har det ikkje vore eigna tomt til eit reiskapshus før gamalt våningshus vart rive i 2019. Tomta vart tilrettelagt i 2022, og grunnmur og golv vart forskala og støypt i august 2022.

Planen vidare er å reise opp huset med oppstart i mai/juni 2023. Planlagt ferdigstilt i november 2023.

Arbeid så langt er for det meste gjort som eigeninnsats. Vidare planlegg me å bruke noko innleidd arbeidskraft, men framleis med ein stor andel eigeninnsats.

Med venleg helsing

Åsne Tesdal Rødland

VEDLEGG 1	Faktura på grunnarbeid
VEDLEGG 2	Kostnadsoverslag material
VEDLEGG 3	Kostnadsoverslag garasjeportar
VEDLEGG 4	Kostnadsoverslag elektrisk installasjon
VEDLEGG 5	Arbeidskostnad innleidd
VEDLEGG 6	Finansieringsplan
VEDLEGG 7	Teikningar